

Medlemmar i Samarbeidsutvalet

Ikkje publiser
IP

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato:

20/16260-23

18.11.2024

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet 07.11.2024

Møte nr.	1
Møtedato/tid:	07.11.2024 klokka 18.00
Stad:	Sund ungdomsskule, stort møterom loftet
Til stades:	Stefan Williams Hansen, leiar FAU Jimmy Håkonsund, politisk representant Karina Scott Glesnes, leiar elevrådet Janet Sangolt Kleppe, representant for lærarane Kristin Mellingen, representant for lærarane Gro Hege Eidesund, verneombod, representant for andre tilsette Anne Hufthammer, rektor Meldt avbod: Jannicke Håkonsund, nestleiar FAU Tuva Øvretveit Revhaug, nestleiar elevrådet

Sak nr.	Tema
1/24-25	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkallinga og sakslista blei godkjent
2/24-25	Val: Stefan Williams Hansen valt til leiar, Anne Hufthammer valt til skrivar
3/24-25	Oppfølging av saker frå førre år: Frå i fjor: Elevrådet og økonomien må følgjast opp. Jimmy skal få lagt til den vaksne som har elevrådet som disponent på kontoen slik at det er lettare å følgja opp økonomien.

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME**Postadresse**
Ternholmvegen 2
5337 RONG**Kontonummer**
1506.24.29981
Organisasjonsnummer
922 53 0890**E post**
postmottak@oygarden.kommune.no
Telefon
56 16 00 00

	<p>No har den vaksne frå elevrådet fått disposisjonsrett på kontoen. Det blei vist eit rekneskap frå kiosken i år, som viser at det er eit overskot der. Det blir også laga budsjett og rekneskap frå balla.</p>
4/24-25	<p>Informasjon frå elevrådsleiar: Elevrådsleiar, Karina Scott Glesnes, informerte om saker elevrådet jobbar med:</p> <p>Elevrådet har vore aktive i haust. Dei har til dømes laga Rosa dag og Halloween-dag, og bakt muffins dei har seld desse dagane. Medlemmar frå elevrådet var inne i klassane og informerte om Rosa-løpet i forkant. Det kom inn i underkant av 20 000 kroner på løpet me hadde på den Rosa dagen som skal delast mellom kreftforeininga og Håpet. Det kom opp spørsmål i SU om kvifor skulen ikkje nyttar Spleis, og det er fordi beløpet skal delast mellom to ulike føremål og då går det ikkje å nytta Spleis.</p> <p>Elevrådet har ein TikTok med informasjon som har mange følgjarar.</p> <p>Elevrådet skal starta planlegginga av juleballet. Ballet er 28. november.</p>
5/24-25	<p>Informasjon frå FAU: FAU har hatt to møte til no.</p> <p>Det er to ulike grupper i FAU. Ei gruppe ser på trafikkisikringa og skal jobba for gangfelt mellom skulen og Vorland og trygg skuleveg.</p> <p>Ei gruppe skal jobba med sosiale medium og haldningsarbeid. Det skal vera ei samling med Barnevakten for 8. trinn og føresette 18. november.</p> <p>Prøver å få opp igjen sponsorgruppa. Eit naturleg fokus er utstyr til Knutec.</p> <p>Har lyst på ein karrieredag på skulen før 10. trinn skal velja. Få ulike verksemder på besøk. Dette er skulen interessert i.</p>
6/24-25	<p>Informasjon frå rektor: Prosjektveka var veldig kjekk, og me synest det blei ei flott framsyning på Panorama. Tilbakemeldingane frå ordførar, skulesjef og diverse andre, var at det er så fint at me har eit så inkluderande opplegg og der me viser fram breidde av det me har. Ofte får ein gjerne berre sjå dei som er ekstra flinke til å dansa eller syngja, men me viser fram så mykje ulikt. Dette er nesten litt unikt, og noko me er veldig stolte av.</p> <p>Me hadde frivillig betaling av inngangspengar, og det kom inn 13 200 kroner. Dette er mykje mindre enn me hadde forventa, og det dekker berre ein del av utgiftene ved å ha det på Panorama. Viss me skal ha slike prosjektveker med framsyning, trur me at me må ha inngangspengar slik dei andre skulane har når dei leiger ein stad vera for framsyninga si. Viss ikkje, tviler me på at me kan ta oss råd til det,</p>

	<p>noko som er veldig dumt, for det er veldig kjekt for føresette å sjå kva me gjer på skulen.</p> <p>Årsrapporten vår blei sendt ut saman med innkallinga. Rapporten blei vist, og det blei sagt litt om kva me har fokus på:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lag og temabasert undervisning. - Me jobbar mykje med overgangane mellom barneskule og ungdomsskule og vidaregåande skule. <ul style="list-style-type: none"> - Samarbeidet med barneskulane er veldig bra. - Me er godt nøgd med opplegget me hadde for overgangen mellom barne- og ungdomsskulen i fjor, der våre tiandeklassingar besøkte barneskulane dei kom frå, og sjuande var på besøk hos oss. Dette vil me halda fram med. - Me er veldig godt nøgde med at Sund ungdomsskule har minst fråfall i vidaregåande skule på vg. 1 våren 2024 av alle dei offentlege ungdomsskulane i Øygarden. Slik var det også året før. <p>Utanomhusplanen har det vore litt fram og tilbake med, men no skal det vera møte om planen i morgon. Etter det kjem det forhåpentlegvis nokre datoar som me kan orientera om på FAU-møtet førstkommende tysdag.</p> <p>Det er litt hærverk og griseri – dette må me få til å stoppa. Fint om elevane kan «oppdra» kvarandre. Har vore hærverk i opne klasserom på morgonen.</p> <p>Det kom opp forslag til at Elevrådet kan gå rundt i klassane og snakka om hærverk, rot og grising, og at elevane må gå ut viss ikkje dette betrar seg. Erfaring tilseier at etter å ha vore ute ei stund i alle friminutt, er det lettare å ha god åtferd når ein er inne i etterkant. Eit forslag var også at det kunne bli laga ein TikTok-video som også hadde fokus på kva elevane ønska, vera inne og oppføra seg eller driva med hærverk og måtta gå ut.</p> <p>Me snakka om hærverkskasse. Kan elevrådet og FAU bidra inn? Eller skal ein setja hærverk opp mot det å vera på Panorama og ha prosjektveke? Så kan elevane velja gjennom åtferda si.</p>
7/24-25	<p>Økonomi</p> <p>Det er kjøpestopp i kommunen. Dette fekk me vita i september, men då hadde me allereie booka og bestemt at me skulle ha prosjektveka vår. Me hadde håpt på at det kom inn meir pengar frå foreldra slik at ikkje utgiftsposten blei så dyr, men dessverre blei det ikkje slik.</p> <p>Det har vore veldig mykje sjukdom i haust, og me bruker mykje vikar. Dette er også noko som kostar skulen mykje pengar.</p>

8/24-25	<p>Eventuelt</p> <p>Ungt entreprenørskap – kvifor er ikkje Øygarden kommune med? Produksjon av varer og tenester treng støtta frå Ungt entreprenørskap.</p> <p>Vigilo – diskusjon om korleis Vigilo har fungert fram til no.</p> <p>Møtedatoar: Tysdag 21. januar klokka 18.00 Tysdag 1. april klokka 18.00</p>
9/24-25	<p>Saker som skal følgjast opp</p> <p>Ungt entreprenørskap – Jimmy følgjer opp inn mot gruppa si, Anne sender spørsmål til skulesjefen</p> <p>Utanomhusplanen</p> <p>Hærverk - elevrådet</p>

Med helsing

Anne Hufthammer
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur